Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 29

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Mo

Emne: Jolenissen

Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: O. O. Bergland

Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk

G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Etter fleire gamle födde millom 1840-50.

SVAR

Jolenissen.

1. Jolenissen er gamal, visseleg mange hundre år. I gamle dagar var han helst i stall og fjös. Fyrst no i seinare tid har han blitt serleg jolenisse. Her i bygdi er det i dei siste 30 åri han har kome med gåvor på joletre-festar. Skikken er vel komen ifrå byen. På jolekort, i jolehefte har det vorte reklamert for jolenissen lenge; men utkladde nissar har ikkje vorte i bruk lenger enn för nemnd. Some stader noko för og andre stader litt seinare

2. Jolenissen har ymse gåvor. På jolefestar for born pröver dei å få gåvone so

6742

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6742

likt som råd er for at ingen skal bli missnøgd. Jolenissen har ingi betaling for arbeidet. Han gjer det for moroi.

3. Utkledd jolenisse er helst ein som er kvikk av seg og kan snakke litt med borni. Storleiken har ikkje noko å seia.

4. Utstyret er: raud toppluve, knebrok, tresko og helst kvite sokkar. Med trøya er det ikkje nett so nøye. Er det mykje kaldt, brukar han frakk.

5. Maska bli kjøpt og må ha kvitt skjegg, helst noko langt.

6. Det hender nok at jolebukkane klær seg ut som nissar.

7. Har aldri høyrt at jolebukkane byter ut gåvor.

8. Jolenissen har i grunnen blitt ein nisse for seg sjølv, berre jolenisse. Den gamle nissen eller tuften er lenge sida burte og har gått reint i gløyme. Jolegraut har visseleg ikkje vore brukt på 150 år. Dei gamle tala aldri om nokon sette ut graut til nissen.

9. Truleg har det vore brukt
og gjeva borni gåvor på
dett måten nokso mykje
før, helst for å gjera det
meir spanande for borni.
Somme tykte vel ogso det
var moro at borni trudde
på nissen. Slike gåvor
veit eg har vorte lagde inn
vottane eller andre klade
til borni.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6742